

LINDÅS BYGNINGSRÅD 5100 ISDALSTØ	Møtestad Rådhuset	Møte dato 22.8.79
Sakshandsamar Træland	Matr.nr. gnr. 58 bnr. 54 Lygre indre	SAK NR. 334/79
Byggherre/meldar Leif Glenjen	Adr. Landåslien 19 5030 Landås	
Saka gjeld Naust - Nybygg		

## Vedlegg:

Søknad om byggjetillatelse, datert 20.10.78  
kvittering for motteke nabovarsel  
kartutsnitt 1:5000  
situasjonsskisse  
teikningar 1:100  
søknad om ansvarsrett, datert 20.10.78  
søknad om unntak frå strandlova, dat. 20.10.78  
Tilråding frå generalplanutvalet, sak 103/79

## TILRÅDING:

I samsvar med vedtekt til § 82 i bygningslova, og uttale frå generalplanutvalet, finn bygningsrådet etter siste setning i pkt. 1 i vedtekta å gjera unntak.

Byggjetillatelse vert gjeve i samsvar med teikningar og utgreiingar vedlagt søknaden og på følgjande vilkår:

1. Med tilvising til § 6 i strandplanlova gjev bygningsrådet unntak frå § 2 nr. 1 og § 3 nr. 1 i lova. Ein gjer merksam på at søkjaren ikkje kan retta seg etter dette vedtaket før friluftsnemndene har teke stode til klagespørsmålet. Klagefristen er 2 mndr. Evt. klage har oppsetjande verknad.
2. Farge og takteking må vera slik at det harmonerer godt med omgjevnaden. Bygningsrådet kan forlanga at bygget skal målast på ny dersom det vert fargesett på ein skjenmande måte. (§ 74)
3. Naustet skal ikkje innreiast med overnattingsplassar.
4. I samsvar med § 93 jfr. § 95 i bygningslova vert det ikkje tillete igangsett arbeid før det er gjeve byggjetillatelse eller graveløyve. Byggjetillatelse vert sendt når vilkåra i vedtaket er stetta.

Bygningsrådet godkjenner byggm. Tom Bertelsen som ansvarshavande for heile byggjearbeidet. (§ 98)

## VEDTAK:

Bygningsrådet godkjenner samrøystes tilrådinga som nemnt ovanfor.

FOR LINDÅS BYGNINGSRÅD



Utskrift sendt til

Leif Glenjen  
Byggm. Tom Bertelsen  
Lindås fril.nemnd  
Fylkesfril.nemnda  
Fylkesutvalet